

**Hugs strandsonemøtet i kveld**

11.04.2012

**Dialogforumet i Uskedalen Utvikling minnar om møtet om strandsona i kveld onsdag klokka 19 i Gamleskulen. Det er eit viktig tema som vedkjem alle.**

**Planleggjar Kjartan Thoresen i kommunen skal innleie og han tek føre seg arbeidet med ein strandsoneplan i Sunnhordland.**

Eit viktig spørsmål er kva verknad planen vil ha for bruken av strandsona.

Lokalt kjem han inn på kva kommunedelplanen frå 2003 seier og korleis strandsona blir brukt i dag.

Viktige stikkord her er rereasjon, friområde, bustadbygging og næring.